



Arkivnr: 2017/1537-22
Saksbehandlar: Tor Ivar Sagen Sandvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		05.09.2017

Høyring om endring av forskrift til opplæringslova § 2-1, elevane si deltaking i skulebasert vurdering

Samandrag

Kunnskapsdepartementet har bede Utdanningsdirektoratet om å sende forslag om presisering og endring av forskrift til opplæringslova § 2-1 om skulebasert vurdering på høyring. Formålet er å sikre at alle vidaregåande skular legg til rette for elevmedverknad.

Høyringsfrist er 1. august 2017. Høyrings svar blir sendt med atterhald om politisk handsaming.

Utdanningsdirektoratet føreslår å endre forskrift til opplæringslova § 2-1 om skulebasert vurdering ved at det blir tatt inn eit nytt andre punktum. Ordlyden vil etter forslaget vere:

«§ 2-1. Skulebasert vurdering

Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. *I vidaregåande skole skal også elevane delta i denne vurderinga.* Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene.»

Forslag til vedtak

Utval for opplæring og helse støttar Utdanningsdirektoratet sitt forslag om endring av forskrift til opplæringslova § 2-1, og med tilhøyrande kommentarar som det går fram av saksutgreiinga.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 03.07.2017

Bakgrunn for forslag om å endre forskrift til opplæringslova om undervisningsvurdering

Kunnskapsdepartementet har bede Utdanningsdirektoratet om å sende forslag om presisering og endring av forskrift til opplæringslova § 2-1 om skulebasert vurdering på høyring. Formålet er å sikre at alle vidaregåande skular legg til rette for elevmedverknad.

Lenke til høyringa: <https://www.udir.no/om-udir/hoyringar/#134>

Lovregulering av elevmedverknad i dag

§ 1-1 i opplæringslova slår fast at elevar og lærlingar «skal ha medansvar og rett til medverknad». Dette er utdypa i den generelle delen av læreplanen og i prinsipp for opplæringa. Det blir lagt vekt på at elevane deltek i planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa. Høyringsutkastet til ny overordna del av læreplanverket omtalar også elevmedverknad.

Kapittel 11 i opplæringslova omhandlar brukarmedverknad i skulen. Desse reglane skal sikre at mellom anna elevar får påverknad på avgjersler som gjeld skulen, og stiller krav til elevråd ved grunn- og vidaregåande skular. I forskrift til opplæringslova § 2-1 om skulebasert vurdering er ikkje elevane si rolle nemnt eksplisitt.

Utdanningsdirektoratet si vurdering

Etter gjeldande rett har skulen plikt til å leggje til rette for elevmedverknad som gjer at elevane skal kunne delta i vurdering av opplæringa. Dette er likevel ikkje eksplisitt og eintydig fastsett i lov eller forskrift. Utdanningsdirektoratet foreslår derfor krav til at elevane blir involverte i skulebasert vurdering blir tatt inn i forskriftsteksten slik at dette vert gjort tydeleg.

I 2011 utvikla Utdanningsdirektoratet i samarbeid med Elevorganisasjonen, Utdanningsforbundet og KS ein rettleiar om undervisningsvurdering. Formålet med rettleiaren er å motivere elevar og lærarar til å samarbeide om systematisk vurdering og forbetring av opplæring i fag. Arbeid i tråd med rettleiaren vil oppfylle krav om elevdeltaking i skulebasert vurdering, men skulane er ikkje forplikta til å følgje metodikken.

Forslaget legg ikkje opp til at elevane skal gi karakterar eller liknande til den enkelte lærar. Det er opplæringa som skal diskuteras og utviklast.

Forslag til endring av forskrifta

Utdanningsdirektoratet foreslår å endre forskrift til opplæringslova § 2-1 om skulebasert vurdering ved at det blir tatt inn eit nytt andre punktum. Ordlyden vil etter forslaget vere:

«§ 2-1. Skulebasert vurdering

Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. I vidaregåande skole skal også elevane delta i denne vurderinga. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene.»

Økonomiske og administrative kostnader

Forslaget inneber ikkje noko ny forplikting for skulane og skuleeigar, men presiserer og klargjer gjeldande rett. Endringa gir ikkje vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

Hordaland fylkeskommune sine kommentarar til høyringsforslaget

Hordaland fylkeskommune støttar forslaget til endring av forskrift til opplæringslova, slik at krav til involvering av elevane i skulebasert vurdering blir tatt inn i forskriftsteksten.

Elevmedverknad er eit viktig prinsipp i norsk skule. Elevar skal få uttale seg, delta i og ha medverknad i spørsmål som er av betydning for læringsutbyte og trivsel. I generell del av læreplanen og i prinsipp for opplæringa er det lagt vekt på at elevane skal delta i planlegging, gjennomføring og evaluering av opplæringa, men det er ikkje eksplisitt fastsett i lov eller forskrift. Elevane er ein viktig ressurs når skulen

skal vurdere eiga verksemd. Til grunn for elevmedverknad må det ligge eit mål om å motivere elevar til å bli meir bevisste på og engasjerte i læringsprosessar og læringsmiljø.

Ei forskriftsfesting av dette kravet er viktig fordi elevmedverknad inneber deltaking i avgjersler som gjeld eleven si eiga læring og elevgruppa si læring. I eit inkluderande læringsmiljø er elevmedverknad positivt for utvikling av sosiale relasjonar og motivasjon for læring. I arbeid med fag bidrar elevmedverknad til at elevane blir meir bevisste på eigne læringsprosessar, som gir større innverknad på eiga læring (Læreplanverket, prinsipp for opplæringa).

Medverknad er også ein sentral del av ansvaret elevane har, noko som krev aktiv deltaking for å utvikle miljø, fellesskap og for å auke kvalitet på opplæring i det enkelte fag. Mellom anna slår utkast til ny overordna læreplan fast at i skulen sitt arbeid med å utvikle inkluderande og gode fellesskap som fremjar helse, trivsel og læring for alle, må elevmedverknad prege skulen sin praksis. Tek ein også høgde for ei omfattande fagfornyng er det eit riktig tidspunkt å forskriftsfeste elevane sin plass i skulebasert vurdering.

Ordlyden i forslag til endring i forskrifta tek i vare krav til elevmedverknad utan å leggje føringar på korleis elevmedverknad skal skje.

Eleven sitt læringsutbytte og rett til eit godt psykososialt miljø skal utgjere kjernen i utviklingsarbeidet i dei vidaregåande skulane i Hordaland. Dette føreset at både tilsette og elevar er involverte i utviklingsarbeidet.

Som ein del av skuleeigar si systematiske oppfølging av dei vidaregåande skulane i Hordaland deltek elevane i kvalitetsoppfølgingsmøte mellom skule og skuleeigar. Tilstandsvurdering og utviklingsarbeid er sentrale tema i møta. Gjennom førebuing til, og deltaking i, møta kan elevane få ei djupare forståing av sider ved skulen si verksemd, og delta i drøfting av ulike utviklingsområde. Ei slik involvering av elevane bidreg også til at dei får opplæring i og erfaring med demokratiske prosessar.

Som ein del av verksemdbasert vurdering har også HFK sidan 2007 hatt årleg gjennomføring av undervisningsevaluering, med mål om at elevar og lærarar saman vurderer og utviklar opplæring i fag. Ei slik form for evaluering har utvikla seg til å bli sett på som ein god reiskap for å fremje elevmedverknad og diskusjon om kvalitet i opplæringa.

Rettleiaren til undervisningsvurdering som er utarbeidd av Utdanningsdirektoratet, KS, Utdanningsforbundet og Elevorganisasjonen er eit godt utgangspunkt for å drive undervisningsevaluering.